

DET NORSKE TEATRET
I ABC TEATRET

IDUN

AV
MARIE TAKVAM



● MARIE TAKVAM får sin debut som dramatikar med det stykket som Det Norske Teatret nå set opp i ABC-teatret på St. Olavs plass. I sitt moderne samfunnsdrama "Idun" går ho til åtak på den form ekteskapet har nå, på den stilling og dei vilkår mange kvinner i dag har i ei ekteskapsform som høyrer ei anna tid til.

● Marie Takvam fortel:

- Alle ser og snakkar om den strukturendringa som går for seg i samfunnet vårt. Men mange gløymer mennesket og familien midt oppi dette. Vårt tradisjonelle familieliv - ekteskapet - er midt oppe i ei krise. Det går for seg gjennomgripande omveltingar som dei fleste ikkje er klar over, i alle fall ikkje før dei kjem nærmare eller står andsynes ein menneskeleg tragedie.

- Så lenge den mannen ho har gifta seg med, finn glede i seng og bord, er livet ein dans. Men skjer det noko - at til dømes ekteskapet blir oppløyst - står dei fleste kvinnene heilt hjelpelause, ofte er dei rett og slett naudlidande. Ofte er dei utan utdanning eller dei braut av utdanninga for å gifte seg, slik som hovudpersonen i "Idun".

Undersøkingar i København viser at skilsmissefrekvensen nå er

d15g198606

oppe i 40 prosent i ekteskap der husmora er heimeverande og ca. 20 der ho har arbeid utafor heimen. Mange ser overflatisk på at ekteskapet er inne i ei krise, at skilsmisseprosenten aukar. Desse alvorlege spørsmåla må bli drøfta, folk må bli meir merksame på dei enn dei er i dag.

Sidan Teatersenteret Bikuben opna 14. september, har fleire tusen menneske vitja oss og over 1000 har teikna seg som medlemmer. Som medlem kjem De inn på framsyningane til halv pris og i dei hyggelege kjellarlokala etterpå til kr. 1.-. Senteret er opent kvar kveld (ikkje sundag). Medlemskortet kostar kr. 5.- pr. halvår, og ein kan kjøpe eller tinga det på kontoret vårt. Telefonen er 20 02 44.

Om kveldane etter framsyninga av "Idun" vil vi ta opp til debatt kvinna si rolle i bysamfunnet med innbedne foredragshaldarar og innleiarar. Skodespelarar og forfattar vil og vere til stades.

Vi ynskjer Dykk vel møtt til Teatersenteret Bikuben på St. Olavs plass !

" IDUN "

av

Marie Takvam

Instruktør Siri Rom

Dekor Knut Solberg

Dei som er med:

Idun Gudrun Waadeland

Håvard Svein Erik Brodal

Ragnhild Åsta Voss

Ein husmorvikar ... Ada Ørvig

Portrettet av kvinnen i framsyninga
er måla av Frantz Widerberg.
Han har og vore så venlig å la oss
få bruke tre andre målarstykke til
stoveinteriøret.



Vel møtt i

BIKUBEN
ST.OLAVS PL. 1.- TLF. 20 02 44